

## Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2021

**Terje Søviknes (FRP)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ - fylkesdirektøren si innstilling

1. Fylkestinget ynskjer ikkje å gå vidare og greie ut ei ordning med vikarpool på noverande tidspunkt.
2. Fylkesdirektøren legg våren 2023 fram ei sak om erfaringar med det skuleadministrative systemet VIS med tanke på kva det betyr for handteringa av vikarbehovet i vidaregåande opplæring i hovudutval opplæring- og kompetanse.
3. Behovet for vidare utgreiing av vikarteneste i vidaregåande opplæring vert vurdert på bakgrunn av vedtak i sak våren 2023.»

### **Avrøysting**

*Det var 63 representantar til stades*

Søviknes sitt forslag fekk 20 røyster (FNB, FRP, H, PP) og fall. Innstillinga vart vedteken mot 20 røyster (FNB, FRP, H, PP).

### **Vedtak**

Fylkestinget viser til utgangspunktet for sak som er eit verbalpunkt i budsjetthandsaming 15.12.20. Fylkestinget vil arbeida vidare med etablering av vikarteneste i organisert og eigendrevne form for vidaregåande opplæring i Vestland fylke.

1. Fylkesdirektøren legg våren 2023 fram ei sak om erfaringar med det skuleadministrative systemet VIS med tanke på kva det betyr for handteringa av vikarbehovet i vidaregåande opplæring i hovudutval opplæring- og kompetanse.

2. Fylkestinget ynskjer å gå vidare i arbeidet med å greie ut ei ordning med vikarpool for vidaregåande opplæring og ein ber om utgreiing og innretning av ordning vert lag fram som sak våren 2023.

Fylkestinget viser vidare til tilleggsbestilling vedtatt i fylkesutvalet 20.04.21, -Oppfølging av verbalpunkt, PS 83/2021 som ein del av det vidare arbeidet.

• «Fylkesrådmannen oppfordres til å gå i dialog med Bergen kommune og eventuelle andre utvalgte kommuner som er interessert i et mulig samarbeid om en offentlig bemanningstjeneste. Spørsmål knyttet til kompetansebygging, eksempelvis gjennom Fagbrev på jobb og andre relevante ordninger, bør også være en del av»

3. Arbeidstakarorganisasjonane blir tatt med i prosessen på kvar enkelt skule og på overordna nivå.